



OSE ingeniørkontor AS
Vikegata 19 A
6150 ØRSTA

Stranda kommune

Reguleringsplan Grilstad del av gnr50 bnr52 m.fl

Fråsegn til varsel om oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Det blir varsla oppstart av privat detaljregulering for del av eigedommen bnr50, bnr52 m. fl. i Stranda kommune. I kommunedelplan for Stranda sentrum har planområdet føremål næring og LNF. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgende merknader:

Landbruk

Bit-for-bit nedbygging av matjord er ein av dei største trugslane for landbruksnæringa, som har behov for langsiktige og føreseielege arealmessige rammevilkår. Nasjonal jordvernstrategi har som målsetting at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 daa dyrka mark i året. Målsettinga for Møre og Romsdal, vedteke av Fylkestinget i 2017, er 200 daa i året for heile fylket. Dette krev hard prioritering frå kommunane for å nå nasjonale og regionale jordvernmål, samt den nasjonale målsettinga om at matproduksjonen skal auke i takt med folketalsauka i Norge.

Bedrifta er slik vi oppfattar det uheldig plassert, då einaste reelle utviklingsmoglegheit går ut over landbruksnæringa sitt viktigaste ressursgrunnlag. Næringsutvalet har den 17.03.2011 i sak NU – 014/11 gjeve løyve til omdisponering etter jordlova, med vilkår om at «*ev. overskot av matjord vert teken vare på og nytta til jordbruksføremål*». I oppstartsmøte 21.12.2017 vert det presisert at «*matjorda må takast vare på, eller aller best opparbeide tilsvarande nytt areal med jordbruksareal*». Fylkesmannen støttar desse vurderingane. Samstundes vil vi peike på at matjord ikkje bør brukast til anna enn matproduksjon, som for eksempel plen/parkanlegg eller plastring/tildekking av grøfter og skråning. All matjord frå det omdisponerte område bør også i framtida nyttast til å produsere mat. Nydyrking som kompensierende tiltak bør kunn brukast når det ikkje finns anna alternativ, slik som i denne saka. Produktiviteten på nye areal vert ikkje like gode som det eksisterande område, og det er anbefalt at ein nydyrkar minst det doble

av omdisponert areal for å framleis oppretthalde same matproduksjon. Vi anbefaler at det vert nytta jordbruksfagleg kompetanse både under planlegging og gjennomføring av slike tiltak.

Utviding av produksjonslokala er, slik Fylkesmannen ser det, av ein slik samfunnsmessige nytte, at omdisponering at landbruksareal til dels kan forsvarast. Vi er meir uroa over at matproduserande areal eventuelt vert nytta til parkering for kundar og tilsette, og meiner at samfunnsnyttan av parkeringsplass er vesentleg mindre enn matproduksjon. Vi oppmodar kommunen og tiltakshavar om å sjå på alternativ for parkering som ikkje medfører tap av jordbruksareal, og slik redusere det totale inngrepet på dyrka marka og ressursgrunnlaget til matprodusenten.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering vil vi varsle mogleg motsegn om ikkje landbruksnæring vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef -plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, 71 25 84 04

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde